

Vår sakshandsamar
Stig Starheim, +47 57 82 80 11

Vår dato
31.08.2006
Dykkar dato
06.07.2006

Vår referanse
06/02211 - 1/008
Dykkar referanse
200602037

Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET
04 SEPT. 2006
ARKIVKODE: 411
SAKSNR: 200602037-28


Innspel til regjeringa sitt fornyingsarbeid

Vi viser til brev av 06.07.2006 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet der ein ber om innspel til regjeringa sitt fornyingsarbeid.

Generelt til dei punkta regjeringa vil leggje vekt på (brukarretting, openheit, effektivisering, kvalitet og medverknad): Vi vil tilrå at også desentralisering/utflytting av forvaltnings- og tilsynsfunksjonar der tilhøva ligg til rette for det vert teke med som ein vektlagt dimensjon. Det finst gode døme på at slike tiltak har hatt svært positive direkte og indirekte effektar for distrikta (t.d. etableringa av Lotteri- og stiftelsestilsynet i Førde). Samtidig vil ein slik politikk medverke til mindre press på areal, bustadmarknad og jobbmarknad i Oslo. Utdanningsnivået for ungdom med opphav frå distrikts-Noreg er høgre enn nokon gong og denne positive utviklinga held fram. For å gjere det attraktivt å flytte tilbake til heimkommune eller heimfylke etter ferdig utdanning er det heilt avgjerande at samfunnet er i stand til å tilby relevante jobbar. Her har det offentlege eit ansvar for å medverke. Ved etablering av statsinstitusjonar ute i distrikta ser ein i dag at ein gjerne kan ha like god tilgang på kvalifiserte søkjarar som ein vil ha i dei større byane.


1. Kort om status:

- a. Planhorisonten i offentlig sektor har som regel eit perspektiv på berre eitt år. Dette kjem m.a. av at statsbudsjett og departementa sin styringsdialog i all hovudsak tek føre seg inneverande år og komande år og ikkje ser vesentleg lenger fram enn det. Noko av forklaringa ligg truleg også i at politisk leiing har behov for raskt å kunne vise til resultat av iverksette tiltak. Økonomiregelverket stiller krav om at plan og strategi også skal ha eit fleirårig perspektiv, men denne føringa er ikkje sterk nok til at den i praksis kan hindre at arbeidet med det årlege statsbudsjettet får så godt som all merksemd.
- b. Ad hoc oppgåver og dagsaktuelle tema står ofte meir i fokus for leiarane si merksemd enn langsiktig strategitenking. Forklaringane er i stor grad dei same som i førre punkt. Slik det er i dag vert ikkje strategijobbing interessant nok fordi verdien av å utarbeide langsiktige strategiar/planar er relativt avgrensa, og ikkje ein sentral del av det departement og etat tek føre seg i styringsdialogen.
- c. Utvikling av nettbaserte tenester i høve til brukarane har vore omtalt som eit satsingsområde i fleire år. Hushalda har i dag god teknisk tilgang til å kunne nytte seg av slike tenester. Men tilrettelegging og utviding av tilbodet frå det offentlege si side kunne gjerne gått raskare innan fleire sektorar. Det kan stillast spørsmål ved om fokus og prioritering er like klar i praksis som i plan- og styringsdokument, talar osv. Det er også ein mangel på systemstandardar i dag som gjer at det vert utvikla ei rekkje etatsspesifikke løysingar som med fordel kunne vore meir samkøyrte innanfor statsforvaltninga.




- d. Statlege verksemder er gjennom økonomiregelverket pålagde å evaluere seg sjølv. Ut i frå den kjennskap vi har er det likevel eit stykkje att før evaluering som metode og styringsreiskap kjem høgt opp på prioriteringslista for offentlege verksemder generelt. For å over tid medverke til rett prioritering av ressursbruk sett ut i frå brukarane/samfunnet sine behov, bør ein gjennomføre systematiske evalueringar av både ordningar og verksemder/-verksemdområde.
2. Mål og prioriteringar:
- a. Viktigast:
- i. Ein bør få eit sterkare engasjement rundt den langsiktige tenkinga, dei langsiktige planane og strategiane.
 - ii. Ein bør få større breidde i satsinga på nettbaserte tenester. Fagavdelingar bør jamt over rette innsatsen sin klarare mot utvikling av nettbaserte tenester og ikkje berre sjå på dette som oppgåver for it-personell.
 - iii. Offentlege verksemder bør bli flinkare til å evaluere seg sjølv for å sikre rett prioritering av ressursbruk.
- b. Mindre viktig:
- i. Ein bør ikkje overfokusere at offentleg sektor alltid har eit potensiale for effektivisering og såleis medverke til å svekke omdømet i samfunnet.
3. Tiltak og reformer:
- a. Tiltak som bør setjast i verk, ev. område der det bør setjast i verk forbettringsarbeid utan at forslaga til løysing nødvendigvis er klare:
- i. Dagens statsbudsjettprosess bør supplerast med langtidspanlegging/-budsjettering, og styringsdialogen mellom departement og etat bør også klarare ta inn denne dimensjonen.
 - ii. Det bør lagast ein altomfattande strategi for satsing på nettbaserte tenester innan offentleg forvaltning, og det bør leggjast vekt på å utvikle felles systemstandardar.
 - iii. Departementa bør som ein del av styringsdialogen stille krav om at underliggjande etatar gjennomfører evalueringar. Etatane bør innarbeide metodar for evaluering, herunder verktøy for gjennomføring av brukarundersøkingar.

Eit anna område som kan vurderast under paraplyen *møtet med staten* er opningstidene for offentlege verksemder. Vi vil ikkje her konkludere på om utvida opningstider utan vidare er ønskjeleg og gjennomførbart, men vi vil anta at brukarane vil helse ein slik reform velkomen på ein del område. Privat tenesteyting har dei siste tiåra gått denne vegen. Det kan tenkjast at ein bør byrje med enkle prøveordningar innan eit spekter av offentlege tenester. Det bør leggjast til grunn at offentleg sektor ikkje må vokse som følgje av utvida opningstider.



4. Gode dømme:
- a. Vi ser på det Skatteetaten har gjort med brukarretting og omfattande satsing på nettbaserte tenester som eit døme i høve til det som er nemnt under 1 c og 2 a ii.

Med helsing


Atle Hamar
direktør


Berit Hovland
avdelingsdirektør

Kopi til: Kultur- og kyrkjedepartementet